

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad i Åseral kommune

Heimel

Vedteken i Hovudutval for oppvekst og levekår 11.10.2022 med heimel i Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a, annet ledd, og Pasient- og brukarrettigheitslova § 2-1 e.

§ 1. Føremål

Forskrifta sitt føremål er å sikre at pasient eller brukar får nødvendige og forsvarlege helse og omsorgstenester, jf. Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 fyrste ledd nr 6 bokstav c) og 3-2 a fyrste ledd. Videre Pasient- og brukarrettigheitslova § 2-1 a andre ledd, og § 2-1 e. Forskrifta skal bidra til å klargjere kriteria for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns tenester, samt skildre korleis pasient og brukar skal ivaretakast i ei eventuelt ventetid.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld alle som bur eller oppheld seg i Åseral kommune, og som har eit varig, omfattande, døgnkontinuerleg pleie- og omsorgsbehov som ikkje kan oppfyllest forsvarleg i eigen heim eller anna tilpassa bustad. Forskrifta gjeld for langtidsopphald og tilrettelagte bustadar i «Parcken». Vidare er det vedlagt tildelingskriteria for omsorgsbustader.

§ 3. Søknad og vedtak

Tildeling skjer ut frå søknad, helseopplysningar og vurdering av individuelle behov.

Før tildeling eller plass på venteliste skal det innhentast:

1. opplysningar frå pasient/brukar og frå pårørande/verje
2. opplysningar frå heimetenesta dersom søkjar mottar heimetenester
3. dokumentert kartlegging inkludert oppdatert IPLOS-registrering
4. medisinske opplysningar frå fastlege eller frå spesialisthelsetenesta

Inntaksnemnda i kommunen fattar på bakgrunn av dette eit enkeltvedtak.


Merknad: Ektefelle/sambuar til ein person som får eller har fått langtidsopphald eller tilsvarande bustad, kan etter søknad få bu saman med ektefelle/sambuar dersom dette let seg gjennomføre i praksis.

§ 4. Sakshandsamingstid

Kommunen ved "Inntaksnemnda" skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Dersom det er venta at det vil ta lang tid før ein søknad kan svarast på, skal det snarast mogleg gis eit førebels svar. I svaret skal det gjerast greie for grunnen til at søknaden ikkje kan handsamast tidlegare, og når svar kan ventast. Ein kan unnlate førebels svar når det er openbart unødvendig. Det gis førebels svar dersom ein søknad ikkje kan svarast på i løpet av ein månad etter at den er motteke.

§ 5. Grunnlag for vurdering og tildeling

Åseral kommune brukar beste effektive omsorgsnivå (BEON) som prinsipp ved tildeling av tenester og tiltak i omsorgstrappa:



Figur 1: Omsorgstrappa i Åseral kommune

Omsorgstrappa har tenester på ulike nivå der aukande hjelpebehov møtas med aukande og meir omfattande tenestetilbod av ulik art. Tenester på lågare nivå skal som hovudregel være forsøkt før tildeling av langtids plass i sjukeheim eller tilsvarende bustad. Vurdering av behovet for helsehjelp skjer ved hjelp av kartlegging og verktøyet IPLOS. IPLOS er eit lovpålagt helseregister med data som beskriver bistandsbehov og ressursar til dei som søker om eller motteke kommunale helse- og omsorgstenester.

Ved vurdering tas det omsyn til søkars:

- A. Helsetilstand
- B. Mentale tilstand
- C. Kognitiv svikt
- D. Evne til eigenomsorg
- E. Noverande bustadforhold
- F. Nettverk til brukar og omsorgsevna til dette

Pasient og brukar skal ha medverknad ved utforminga av tenestetilbod, jf. Pasient- og brukarrettighetslova § 3-1.

§ 6. Kriteria for tildeling av langtidsopphald

Hovudkriteriet er at langtidsopphald i sjukeheim tildelast personar med behov for døgkontinuerleg oppfølging der hjelpebehovet er lite føreseieleg og ikkje kan tidfestast. Langtidsopphold er for personar som er varig ute av stand til å ta vare på seg sjølv og som ikkje meistrar dagleglivets gjeremål, grunna mentalt og/eller fysisk funksjonstap og/eller alvorleg sjukdom.

Andre kriteria som det skal leggest vekt på ved vurdering for tildeling er:

- A. Personar som har behov for langvarige helse- og omsorgstenester gjennom heile døgnet, der andre aktuelle tenester har vært forsøkt utan å dekke nødvendig og forsvarleg behov for helse- og omsorgsteneste.
- B. Langtidsplass skal i hovudsak brukast for personar over 67 år. For yngre personar skal det søkast å etablere eit alternativt tilbod i eigen heim, til dømes omsorgsbustad.
- C. Personar med hjelpebehov der nødvendig kompetanse og utstyr for å sikre helseoppfølging og behandlingar kunn kan gis i sjukeheim.
- D. Personar i livets slutfase med behov for tilsyn og omsorg gjennom heile døgnet.
- E. Personar med demens som har behov for kontinuerleg oppfølging, skjerming og omsorg gjennom heile døgnet.

Merknadar:

- Mistanke om svikt i eigenomsorg grunna demens skal vere utreda før tildeling av plass.
- Personar der demens er den dominerande årsaka til omsorgsbehovet skal fortrinnsvis få tilbod om bustad i «Parken». Her er det tilrettelagt for skjerming og moglegheit for heildøgns- omsorg etter behov. Når pleiebehovet blir det dominerande skal det vurderast flytting over til langtidsavdelinga.
- Personar som bur heime med omfattande behov for tenester i heimen kan vurderast for langtidsplass.

§ 8. Venteliste

Dersom søkar fyller kriteria for langtidsopphald, men kan få forsvarlege helse- og omsorgstenester i heimen i påvente av langtidsopphaldet, skal kommunen sette søkar på venteliste om det ikkje er ledig plass. Ved ledig plass skal alle på ventelista vurderast av “Inntaksnemnda”.

Ved ledige plasser skal den med størst hjelpebehov etter ei helsefagleg vurdering prioriterast. I vurderinga bør det leggest særskilt vekt på om personen har behov for omsorg ved livets slutt, kognitiv svikt eller andre særskilte behov som tilseier at behovet for langtidsopphold er større enn andre på lista. Det skal òg leggest vekt på pasient/brukar sine ønsker.

Eining for Omsorg har ansvar for å halde oversikt over personar som venter, og å vurdere situasjonen jamleg.

§ 9. Tiltak i påvente av langtidsplass

Personar med vedtak, som venter på langtidsopphald i sjukeheim, skal få andre nødvendige tenester for å sikre nødvendig og forsvarleg helsehjelp i ventetida. Dette kan til dømes vere auka heimesjukepleie, praktisk bistand, dagsentertilbod, støttekontakt, korttidsopphald og/eller andre tenester i omsorgstrappa. Personar som mottek hovudomsorg frå sine pårørande, skal få tilbod om avlastande tiltak for særleg tyngande omsorgsoppgåver. Ved endring av helsetilstand i påvente av plass må det gjerast ei ny vurdering.

§ 10. Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak som ein kan klage på etter reglane i Pasient- og brukarrettigheitslova § 7-2. Ein klage skal være skriftleg og sendast til “Inntaksnemnda” i Åseral kommune, som gjer ei ny vurdering av saka. Dersom det ikkje gis medhald skal “Inntaksnemnda” sende klagen utan ugrunna opphald til Statsforvalteren for endeleg vurdering og avgjersle. Kommunen skal gje nødvendig råd og rettleiing ved ein eventuell klage. Klagefrist er 3 veker.

§ 11. Ikraftsetjing

Denne føresegna trer i kraft frå og med 11.10.2022.

Vedlegg: Kriteria for tildeling av omsorgsbustad på Åseralsheimen

Det er inntaksnemda i kommunen som tildeler omsorgsbustadar.

Ein omsorgsbustad på Åseralsheimen ligg ganske høgt i omsorgstrappa og tenester på lågare nivå skal som hovudregel ha vore forsøkt før ein får tildelt ein omsorgsbustad.

Det er ei individuell/heilskapleg vurdering som ligg til grunn for tildeling.

Ein vurderer blant anna helsetilstand (fysisk og psykisk helse) og evne til eigenomsorg.

Sosial nettverk/behov *kan* vere eit kriteria. Ein må ha eit visst varig hjelpe- omsorgsbehov.

Det skal ikkje vere behov for døgntilsyn, men tidfesta behov for hjelp.

Ein kan tildele omsorgsbustad for kortare periode, til dømes vinteropphald.